



## SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
78/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	27.09.2022

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Atle Fasteland	FE-140, FA-U01	22/303

### OVERORDNA RETNING FOR ORGANISERING AV NÆRINGSARBEID I VAKSDAL KOMMUNE

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Saka vert teken til orientering slik den føreligg, og dannar grunnlag for kommunedirektør sitt vidare arbeid med struktur på næringsarbeidet i Vaksdal kommune.
2. Ny sak blir lagt fram til politisk handsaming så snart den ligg føre.
3. Endeleg sak vil bygge på dei prinsipp som blir vedtekne i føreliggjande sak saman med eventuelle innspel som kom fram i møtet.

**Saksopplysningar:****Bakgrunn for saka**

Strategisk næringsplan for Vaksdal kommune 2022-2035 vart handsama og vedteke av kommunestyret 10. mai 2022. Den strategiske næringsplanen fastsette to overordna mål for næringsarbeidet:

Vaksdal kommune skal ha mål om 6000 innbyggjarar i 2035, og det skal skapast 600 nye arbeidsplassar for å halde dagens arbeidsdekningsgrad. Måla i planen er ambisiøse. For å nå dei må det setjast av meir ressursar til næringsarbeid, og nye partnarskapar må inngåast slik at alle gode krefter trekker i same retning.

**Ny situasjon**

Tysdag 13.09.22 varsla dagleg leiar i Vaksdal næringsselskap at han sluttar i stillinga frå 31.12.22. Vaksdal kommune er pr dato største eigar i selskapet. Når dagleg leiar no sluttar må etter kommunedirektøren sitt syn, styret saman med eigarane og Vaksdal kommune ta nokre val med omsyn til vegen vidare. I den prosessen må det kallast inn til ekstraordinær Generalforsamling. Kommunaldirektøren ser fleire område som må drøftast i det vidare. Kva kompetanse ynskjer ein inn i selskapet. Korleis skal det rekrutterast og kva skal ein leggje vekt på i prosessen. Er det i framtida trøng for meir ressursar både generelt i selskapet og i høve talet på tilsette.

Kommunedirektøren tenkjer seg ei framtid der Vaksdal næringsselskap er det naturlege kontaktpunktet for nytablerarar og eksisterande næringsliv i kommunen. Kommunedirektøren er i alle samanhengar oppteken av at det skal vere ei dør inn til tenestene våre. Dei som vender seg til

kommunen eller næringsselskapet ska bli møtt positivt, få svar og bli godt ivaretakne. Alle kan ikkje få det svaret dei ynskjer seg. Om dei som ynskjer kontakt innimellom kontaktar «feil» personar skal den dei møter først vise dei vidare i systemet. Slik kan vi saman skap godt omdøme for tenestene våre. I framtida, om vi skal nå ambisiøse mål i Strategisk næringsliv, vil open dialog og god kommunikasjon vere kritisk suksessfaktorar.

Aksjesamansettinga i VNS kan endrast. Til dømes kan Vaksdal kommune kjøpe ut aksjar som er i privat hender og by desse til, eksempelvis, Vaksdal Næringsråd.

I den situasjonen som no er oppstått kan ein og nyte høvet til å tenke gjennom kva namn selskapet skal ha frametter. Kva overordna føringar som skal gjelde. Selskapet sine mål og strukturar, må slik kommunedirektøren ser det, vere i tråd me dei 21 punkta som ligg vedlagt frå KS.

Det har, etter kommunedirektøren sitt syn, vore noko uklare rapporteringslinjer mellom selskapet, styret og eigarane. No kan vi etablere klarare liner. I den prosessen kan ein og sjå føre seg at selskapet får noko redusert tal styremedlemmar. Liknande selskap har meir tydleg «næringsliv» representasjon i styresamansettinga. Rapportering til offentleg eigar blir teke i vare av eit tydeleg system der politisk og administrativ leiing er «tett på» og godt orienterte om kva som skjer i selskapet gjennom faste møtepunkt. Slik kan ein og utvikle system for informasjon til Formannskap og politisk leiing.

Kommunedirektøren ser og at ein kan nyte høvet til å sjå på korleis vi vil finansiere selskapet. Korleis kan ein nyte Næringsfondet og andre støttefond optimalt i framtida. Likeins ser kommunedirektøren at vi må sjå på «naturlege» samarbeidspartnarar. Vaksdal kommune er i dag med i «Invest In Bergen». Vi er med i Nordhordland regionen og vi har tett samarbeid med Osterøy. For tida noko mindre med næringshagen på Voss. Samstundes tenkjer kommunedirektøren at det ville vore framtidssetta om vi også etablerte samarbeid med «Industriutvikling Vest». Vi har ein naturleg plass både i Vestland fylkeskommune sine satsingar og i «bergensregionen». Vaksdal kommune kan med føremon knyte seg enno nærmare det som skjer i regionen vår.

### **Anbefalt organisering for å nå måla**

Det er Vaksdal kommune som har det overordna ansvaret for å leggje til rette for næringsutvikling. Samstundes skal kommunen vere forvaltar, og legge rette for arealbruk og annan naudsynt infrastruktur. Det er fleire måtar Vaksdal kommune kan utføre rolla som tilretteleggjør på. I næringsplanen leggjast det til grunn at Vaksdal kommune utfører rolla gjennom eit næringsselskap, VNS. Det vil reindyrke kommunens rolle som forvaltar, og næringsselskapet vil kunne knytte seg tettare på næringslivet i kommunen, gjennom til dømes samansetjing av styret eller eigarskap. I den føreslårte løysinga vil næringsselskapet følgje opp næringslivets behov og støtte forretningsutvikling og nytableringar i kommunen.

Samstundes er det mange aktørar som kan bidra til at Vaksdal kommune lukkast med å skape ein positiv næringsutvikling fram mot 2035. Næringsplanen gjer greie for viktige roller i næringsarbeid og korleis desse må spele på lag for å skape varig vekst i kommunen. Det vil vere næringsselskapet si rolle å følgje opp Vaksdal sine interesser i samarbeidet med disse aktørane. Saman med VNS vil «Invest in Bergen» og Region Nordhordland auke profileringa og den strategiske posisjoneringa til Vaksdal for å tiltrekke seg nytableringar. I den samanheng og ei eventuell tilknyting til Industriutvikling Vest.

# For å skape vekst i Vaksdal, må mange roller spille på lag

 <p><b>Strategisk posisjonering</b></p> <p>NORDHORDLAND INVEST NÆREREN Synliggjøre og markedsføre Vaksdal fortinns for å tilrette strategiske etableringer.</p>	 <p><b>Vertskapsattraktivitet</b></p> <p>NORDHORDLAND INVEST NÆREREN Være en god vert for å oppnå vekst og utvikling gjennom å tilrettelegge for sørme etableringer.</p>	 <p><b>Storskalafordeler</b></p> <p>NORDHORDLAND INVEST NÆREREN Tilrettelegge for samarbeid som realiserer samskapningspotensial eller øker konkurransesveine, f.eks. gjennom klynger eller partnerskap.</p>
 <p><b>Tilrettelegger</b></p> <p>NORDHORDLAND INVEST NÆREREN Tilrettelegge for næringsutvikling gjennom veiledning samt følge opp og sikre næringslivets behov.</p>	 <p><b>Planlegger</b></p> <p>VAKSDAL KOMMUNE Tilrettelegge areal og annen infrastruktur etter næringslivets behov.</p>	 <p><b>Forvalter</b></p> <p>VAKSDAL KOMMUNE Ivereta brede samfunnsmessige interesser i henhold til offentlige lover, forskrifter og reglement.</p>
 <p><b>Forretningsutvikling</b></p> <p>NORDHORDLAND INVEST NÆREREN Bistå og tilrettelegge for bedrifter som ønsker vekst i eksisterende virksomhet.</p>	 <p><b>Entreprenørskap</b></p> <p>NORDHORDLAND INVEST NÆREREN Støtte entreprenør med å etablere og utvikle vellykkede virksomheter. Tilrettelegge for grunderskap og oppstartsbedrifter.</p>	 <p><b>Innovasjon</b></p> <p>NORDHORDLAND INVEST NÆREREN Inspire til og støtte opp om innovasjon i eksisterende selskaper og entreprenører.</p>
 <p><b>Møteplass</b></p> <p>NORDHORDLAND INVEST NÆREREN Tilrettelegge for møteplasser for erfaringsutvikling, kompetansedeling og partnerskap.</p>	 <p><b>Næringsrepresentant</b></p> <p>NORDHORDLAND INVEST NÆREREN Være næringslivets stemme og representant, sikre gode rammevilkår og samarbeid med kommunen og andre aktører.</p>	 <p><b>Kurs og kompetanse</b></p> <p>NORDHORDLAND INVEST NÆREREN Undersøke behovet for kompetanseheving i næringslivet, og sikre arenaer for kompetansedeling og -heving.</p>

Vaksdal næringsråd har også ei viktig rolle for å vere næringslivets representant og stemme i næringsutviklinga i Vaksdal. Eit godt samarbeid mellom næringsselskapet og næringsrådet er difor heilt naudsynt. Næringsrådet skal mellom anna sikre bred deltaking frå lokalt næringsliv, leggje til rette for møteplassar for næringslivet i kommunen og sikre god dialog med dei andre aktøiane for å utvikle medlemmane sine.

«Dei gode hjelparane» er etablerte aktørar innan næringsutvikling i regionen i dag. Ved å knytte seg til desse kompetansemiljøa får Vaksdal støtte til viktige oppgåver som strategisk posisjonering, vertskapsattraktivitet og storskalafordeler, støtte til næringsutvikling og entreprenørskap, og kompetanseheving i eksisterande selskap.

## Kritiske suksessfaktorar for næringsutvikling i Vaksdal

Næringsplanen omtalar fleire kritiske suksessfaktorar, som alle aktørar må bidra til at vert oppfylte for å lukkast med næringsarbeidet.

### 1. For at Vaksdal skal lukkast, må aktørane samarbeide meir enn i dag

Alle aktørane i næringslivet i Vaksdal må samarbeide betre og meir enn i dag. Dette gjeld både næringsselskapet og næringsrådet, men også «Dei gode hjelparane», aktørane i næringsarbeidet, som må inkluderast på en god måte. Næringsselskapet skal vere overordna kontakt for sentrale og regionale aktørar. Samstundes må næringsselskapet lukkast i dialogen med lokalt næringsliv. God samhandling med Vaksdal Næringsråd (VNR) og næringsaktørar i Nordhordland, Voss, Osterøy, Bergen og Vestland er heilt avgjerande for at kommunen skal lukkast. Vaksdal kommune samarbeider og er medlem i mange ulike næringsorgan, samarbeid som må styrkjast i åra som kjem.

### 2. Vaksdal må sikre tilstrekkeleg med kapasitet og kompetanse for å sikre fokus på næringsutvikling i kommunen

Det er behov for auka ressursar innan næringsarbeid i kommunen for å nå dei ambisiøse måla. Næringsselskapet og næringsrådet har behov for meir ressursar. Å knyte seg tettare på «dei gode hjelparane» vil gi næringslivet tilgang på meir kompetanseheving og samarbeidsmogelehiter.

### 3. Vaksdal må våge å framsnakke eigne styrker og kvalitetar

For å framsnakke eigne styrker og kvalitetar, må aktørane i større grad samlast rundt dei gode kreftane i kommunen. Samstundes er det trond for eit strategisk og retta kommunikasjonsarbeid kor Vaksdal kommune, næringsselskapet og næringsrådet må samarbeide om å løfte fram Vaksdal sine

konkurransefortrinn. Arbeidet med den strategiske næringsplanen var eit første steg i dette arbeidet.

4. Næringsplanen må henge saman med andre viktige planar i kommunen, spesielt knytt til arealbruk

Dette medfører både at det er behov for auka ressursar til næringsarbeid i Vaksdal framover, òg i Vaksdal kommune, som truleg må setje av meir ressursar til planarbeid og tilrettelegging om måla om auka folketal og positiv næringsutvikling skal realiserast.

#### ***Alternativ til organisering av næringsarbeidet***

Alternativ organisering har vore vurdert, særleg knytt til korleis Vaksdal kommune kan utøve rolla som tilretteleggjar. Alternativa omfattar mellom anna kommunalt tilsett næringssjef eller kombinasjon av næringssjef/næringselskap og egne næringshagar.

I samband med utarbeiding av næringsplanen er det vurdert at eit næringsselskap vil kunne knytte seg tettare på næringslivet og deira behov, samstundes som Vaksdal kommune kan reindyrke si rolle som forvaltar og tilretteleggjar av naudsynt infrastruktur. Sidan Vaksdal er ein liten kommune er det fornuftig å samarbeide med nærliggande aktørar og initiativ.

Samarbeid med region Nordhordland, Invest in Bergen, Industriutvikling Vest, Klar bedrift, Etablerersenteret, VIS og Næringsalliansen er vurdert til særskilt å kunne bidra positivt til næringsarbeidet i Vaksdal kommune.

VNS er i dag etablert som eit aksjeselskap. Eit aksjeselskap kan eigast av Vaksdal kommune åleine, eller saman med andre kommunar eller private rettssubjekt. I generalforsamlinga kan eigarane gjennom vedtekter, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak fastsette rammer og gi nærmare regler for styret og dagleg leiar. Det er generalforsamlinga som vel styret.

#### **Vedlegg**

KS sine anbefalinger til opprettning av aksjeselskap næringsselskap

KS har laga ein veileiar med råd for etablering av kommunalt eide selskap. Anbefalingane er for å sikre godt eigarskap, god selskapsleiing og god kontroll av kommunale selskap og aksjeselskap. Dei 21 punkta vil leggjast til grunn for det vidare arbeidet med organisering av næringsarbeidet i Vaksdal.

1. Vaksdal kommune bør som eigar sørge for ein selskapsform som er tilpassa virksomheten sitt formål og oppgåver, behovet for eigarstyring og samfunnsansvar.
2. Skille mellom skjema virksomheter og virksomheter i konkurranse med private.
3. Sørge for god kunnskap til folkevalde om eigarskap.
4. Utarbeide ein årleg melding eller rapport om eigarskap av selskapa for kommunestyret.
5. Kommunestyret skal utarbeide og bør jevnleg revidere styringsdokumenta og avtalane som regulerer styringa av selskapet.
6. Holde jevnlege eigarmøte for å bidra til god kunnskap og dialog med selskapet.
7. Som hovudregel bør sentrale folkevalde oppnevna som representantar i eigarorganet.
8. Sørge for bestemmelser om innkallingsfrist til generalforsamling og representantskapsmøter.
9. Eigar bør gjennom selskapets eigarorgan sørge for at styrets kompetanse samla sett er tilpassa selskapets formål og virksomhet. Det anbefales at selskapet sikrer opplæring av styremedlemma.
10. Det bør fastsetjast i vedtekter at valg av styrer bør skje ved bruk av valgkomite, og det bør utarbeidast retningslinjer som regulerer komiteens arbeid.
11. Sørge for balansert kjønnsrepresentasjon i styret.
12. Eigar bør anbefale styret jevnleg å vurdere eigen kompetanse ut frå eigaranes formål med selskapet.

13. Som hovedregel bør styremedlemmer i morselskapet ikke sitte i styra til datterselskap.
14. Oppnevne numeriske vararepresentantar for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.
15. Etablere rutiner for vurdering og håndtering av habilitet.
16. Foreta ei prinsipiell avklaring av godgjøring for styreverv.
17. Registrere styreverv i KS styrevervregister.
18. Sørge for at selskapene melder seg inn i en arbeidsgjevarorganisasjon.
19. Sørge for at selskapsstyrene utarbeider og jevnleg reviderer etiske retningslinjer for selskapsdriften.
20. Det anbefales av kommunestyret ved opprettelse av kommunale foretak gjennomgår kommunelovens regulering av forholdet mellom kommunedirektøren og dagleg leiar av selskapet.
21. Sørge for at kontrollutvalget sikres gode nok rammebetingelser til å utøve sin funksjon på en god måte.